



MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anne Marte Sæle, 5557 2176

U.off: offl. § 13, jf. fvl. § 13

## Retur av klagesak til kommunen - støyproblematikk mellom Sandnes skule og naboieigedom

Vi viser til oversending frå Masfjorden kommune av klagesak som gjeld støy ved Sandnes skule i Masfjorden kommune, dagsett 31.08.2023.

Statsforvaltaren er klageinstans for kommunale enkeltvedtak gjort etter folkehelselova kapittel 3, jf. folkehelselova § 19. Kommunens enkeltvedtak etter forskrift om miljøretta helsevern kan også påklagast til Statsforvaltaren, jf. forskrift om miljøretta helsevern § 16.

Oversendinga frå Masfjorden kommune gjeld eit vedtak frå kommunens formannsskap av 05.06.2023, og det er også vist til tidlegare vedtak i formannsskap. Vedtaka er ikkje grunngitt i folkehelselova eller forskrift om miljøretta helsevern, men kommunen har vist til nabolova som grunnlaget for sine vedtak. Statsforvaltaren har ikkje mynde eller kompetanse til å ta avgjerd etter grannelova, då det bygger på rettsleg skjøn.

Klagar har i klage av 27.06.2023 vist til forskrift om miljøretta helsevern § 9a, og meiner kommunen ikkje har utgreia saka i forhold til dette. Vi kan ikkje sjå at saka er handsama av kommunens miljøretta helsevernnavdeling, eller at kommunen har tatt stilling til om det er aktuelt å gjere tiltak etter dette regelverket. Vi returnerer difor saka til kommunen, slik at de kan vurdere om det er aktuelt med tiltak etter folkehelselova/ forskrift om miljøretta helsevern.

Med helsing

Arne Erstad  
ass. seksjonsleiar

Anne Marte Sæle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Leif Bjarne Haukeland

Austfjordvegen 2638

5981

MASFJORDNES